

Ny	1.Verkeområde Vedtektene gjeld for alle kommunale barnehagar i Vindafjord kommune og inneheld generelle føresegnar om drift og annan informasjon som gjeld forholdet mellom foreldre og barnehagane.
Noverande	§ 1 Eigartilhøve Vindafjord kommune eig / leiger lokale for dei kommunale barnehagane og står ansvarleg for drifta. Dei kommunale barnehagane er: Imsland, Sandeid , Vågen, Vats, Skjold, Vikebygd og Bjoa barnehage. OPOM (Utval for oppvekst og omsorg i Vindafjord kommune) har fått delegert ansvar som det politisk utøvande organet for barnehagesaker. Ansaret blir forvalta innafor dei rammene som blir sett av kommunestyret.
Ny	2.Eigartilhøve og forvaltning Vindafjord kommune eig eller leiger lokale for dei kommunale barnehagane og står ansvarleg for drifta. Dei kommunale barnehagane er: Sandeid, Vågen, Vats, Skjold, Vikebygd og Bjoa barnehage. Utval for oppvekst og omsorg (OPOM) er delegert mynde som politisk organ for barnehagesaker, innanfor rammene fastsette av kommunestyret.
Kvifor	Imsland barnehage vart lagt ned 1.8.2025.

Noverande	§ 2 Føremål Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimane ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Barna skal få utfalda skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og anerkjenna barndommens eigenverd. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering (Barnehagelova §1, vedtatt 19.12.2008). Barnehagane skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar og forskrifter og retningslinjer fastsette av kunnskapsdepartementet, samt i samsvar med kommunale vedtak og godkjende årsplanar for den einskilde barnehage.
Ny	3. Føremål Vindafjord kommune sine barnehagar vert drivne i samsvar med § 1 Føremål i barnehagelova. Barnehagane skal drivast i tråd med føresegnene i barnehagelova, rammeplanen, samt andre forskrifter og retningslinjer fastsette av departementet, og kommunale vedtak og planar.

Kvifor	Har teke vekk det som står i §1 Føremål i barnehagelova, og heller vist til paragrafen. Kortare tekst.
--------	--

Noverande	§ 3 Samarbeidsorgan Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval som skal sikra samarbeid med barna sine heimar (Barnehagelova §4). Foreldrerådet består av alle foreldre / føresette til barna i barnehagen og skal fremja deira felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal: - velja representantar til samarbeidsutvalet - få framlagt saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av 2 foreldre / føresette i barnehagen, 2 tilsette i barnehagen og 2 som representerer kommunen som eigar: ein representant vald av kommunestyret og styrar i barnehagen (Jfr. Barnehagelova §5). Funksjonstida er 2 år for foreldrerrepresentantar og tilsette i barnehagen. Representanten som er vald av kommunestyret fungerer i kommunestyreperioden (4 år). Samarbeidsutvalet konstituerar seg sjølv, oppgåva som sekretær er lagt til barnehagestyrar. Samarbeidsutvalet har rett til å uttala seg om og kan krevja framlagt alle saker som er viktige for innhaldet i barnehagen. Kommunen skal syta for at viktige saker blir lagt fram for foreldreråd og samarbeidsutval. I samsvar med kommunestyrevedtak er det felles samarbeidsutval for barnehage og skule i krinsane Bjoa, Vik og Imsland. Samarbeidsutvalet skal ha 2 representantar for elevane, 1 representant for undervisningspersonalet, 1 representant for andre tilsette i skulen, 2 representantar for dei tilsette i barnehagen, 2 representantar for foreldrerådet i skulen og 2 representantar for foreldrerådet i barnehagen. Dessutan er rektor og 1 representant vald av kommunestyret med i samarbeidsutvalet (Jfr. Opplæringslova §11-1 fjerde ledd og Barnehagelova §5).
Ny	4. Foreldreråd, samarbeidsutval og barns medverknad For å sikre eit godt samarbeid med heimen skal alle barnehagar ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf. § 4 i barnehagelova. Viktige saker skal leggjast fram for foreldrerådet og/eller samarbeidsutvalet. Foreldrerådet skal bestå av foreldra til alle barna. Samarbeidsutvalet skal bestå av representantar for foreldra og dei tilsette i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Ved oppvekstsentera skal det etablerast eit felles samarbeidsutval som omfattar både barnehage og skule, i tråd med høvesvis § 4 i barnehagelova og § 10-9 i opplæringslova. Samarbeidsutvalet skal ha 2 representantar for elevane, 1 representant for undervisningspersonalet, 1 representant for andre tilsette i skulen, 2 representantar for dei tilsette i barnehagen, 2 representantar for foreldrerådet i skulen og 2

	representantar for foreldrerådet i barnehagen. Einingsleiar og 1 representant vald av kommunestyret er og med i samarbeidsutvalet Barn i barnehagen har rett til medverknad, og alle handlingar og avgjerder som gjeld barna, skal ha barnet sitt beste som grunnleggjande omsyn, jf. barnehagelova § 3.
Kvifor	Forkorting av tekst, lagt til informasjon om oppvekstsenter og om barna sin rett til medverknad.

Noverande	§ 4 Opptaksmynde Opptaket er i samsvar med Barnehagelova samordna for alle kommunale og private barnehagar i kommunen. (Jfr. Barnehagelova §12). Opptak av barn er delegert til ei eige opptaksnemnd oppnemnd av rådmannen. Søknadsfrist til hovudopptak frå nytt barnehageår er 1. mars kvart år. Ved ledige plassar i løpet av året vert det gjort fortløpande supplerande opptak. Det er opptaksnemnda som gjer opptak, etter innstilling frå einingsleiar / styrar i barnehagen.
Ny	5. Opptak Opptaket er samordna for alle kommunale og private barnehagar i kommunen. (Barnehagelova §12). Det skal søkjast om plass elektronisk via heimesida til kommunen. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1. februar. Eigar, i samarbeid med einingsleiar/avdelingsleiar gjennomfører eit samordna opptak til nytt barnehageår. Barn som ikkje får plass ved hovudopptaket, vert tekne opp fortløpande på ledige plassar gjennom året. Barn som får barnehageplass, beheld plassen fram til 14. august det året dei byrjar på skulen. Det må søkjast på nytt dersom ein ønskjer å endre tilbodet. Barn som ønskjer utvida eller endra plass i sin barnehage, vert prioriterte framfor nye søkjarar. Søkjarar som ikkje får oppfylt førstevalet sitt ved opptak, skal få høve til å stå på søkjarliste til denne barnehagen. Dersom det blir ledig plass i barnehagen i løpet av barnehageåret, skal søkjarar på søkjarlista prioriterast framfor søkjarar som ikkje står på lista, i samsvar med dei fastsette opptakskriteria. Barn med lovfesta prioritet ved opptak går føre. Retten til å stå på søkjarliste gjeld uavhengig av om føresette har takka ja til ein annan barnehageplass, jf. Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage §3.
Kvifor	Endra søknadsfrist til 1.februar, dette er noko som er avgjort i samarbeidet me har i NordR (gjeld alle barnehagane i samarbeidet). Presisering ift retten til å stå på venteliste.

Nytt punkt:	6. Tilbod Barnehagane har følgjande tilbod: 60% - 3 dagar pr. veke, 100% - 5 dagar pr. veke.
Kvifor	Ein fulltids plass kostar nå 700,-. Før hadde ein valet mellom 40%, 60%, 80% og 100%. Ein ønsker å redusere tal på val, for å skape meir kontinuitet for barna, og for å kunne organisere vekene på ein god måte. Nokre barnehagar tilbyr nå kun 100% plass.

Noverande	§ 7 Opptakskriterium Tildeling av barnehageplass vert gjort i samsvar med barnehagelova § 12a om rett til barnehageplass. Dersom det er fleire nye søkjarar enn ledige plassar, skal barna prioriterast slik: a) Barn med nedsett funksjonsevne (Jfr. Barnehagelova §13) b) Barn som er omfatta av §§4-12 og 4-4 andre og tredje ledd i Lov om barneverntenester (Jfr. Barnehagelova §13) c) Barn av: - einslege forsørgjarar som mottar overgangsstønad og som er under utdanning / i arbeid - foreldre / føresette som grunna alvorleg sjukdom / funksjonshemming mottar rehabiliteringspengar, tidsavgrensa uførestønad, uføretrygd, hjelpestønad eller grunnstønad - foreldre / føresette som mottar introduksjonsstønad etter Lov om introduksjonsordning for nyankomne flyktningar c) barn av enslige forsørgere. d) 5-åringar e) Søsken til barn i same barnehage f) Eldre barn blir prioriterte framfor yngre barn Opptakskriteria a, b og c gjeld under føresetnad av at tilfredsstillande dokumentasjon blir lagt fram. Ved søknad gjennom året: Barn som ikkje får plass i barnehage på det tidspunkt det er søkt om plass, blir sett på venteliste. Ventelista blir sett opp i samsvar med opptakskriteria. Barn som står på venteliste må søkja på nytt til neste hovudopptak.
Ny	7. Opptakskriterium a) Barn som det er gjort vedtak om etter barnevernslova §§ 5-1, 3-1 og 3-4 for, og barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 18, har rett til prioritet ved opptak. b) Søsken til barn som allereie har plass og som skal halde fram i barnehagen. Dette gjeld både søknader om overgang til annan barnehage og nye søkjarar. c) Barn av flyktningar og minoritetsspråklege barn. Minoritetsspråklege barn vert prioriterte etter alder, slik at dei eldste barna får tildelt plass fyrst. Dokumentasjon skal leggjast ved søknaden. d) Barn frå familiar som har store belastningar. Dokumentasjon skal leggjast ved søknaden. e) Eldre barn blir prioriterte framfor yngre barn. 5-åringar siste året før skulestart. f) Barn av tilsette ved den aktuelle barnehagen.
Kvifor	Prioriteringane er noko endra, men har om lag same innhald. Ut frå bemanningsutfordringar er prioritet f) «Barn av tilsette» teke med på slutten av lista.

Noverande	§ 8 Klage på opptaket Opptak i barnehage regulert av "Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage" av 16.12.2005, og kan påklagast. Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding. Klagen blir behandla på nytt av opptaksnemnda for endeleg vedtak i kommunen sitt klageorgan.
-----------	---

Ny	8. Klage på opptaket Enkeltvedtak etter barnehagelova kan påklagast etter reglane i forvaltningslova kapittel VI. Klagefristen er tre veker frå den dagen parten mottok vedtaket eller fekk melding om vedtaket, jf. forvaltningslova § 29. Klaga skal sendast til barnehagemyndigheita eller den instansen som har fatta vedtaket. Dersom vedtaket ikkje blir omgjort, skal saka sendast vidare til klageinstansen for endeleg avgjerd. For vedtak om opptak gjeld reglane i barnehagelova §§ 16, 17 og 18, samt forvaltningslova sine reglar om klagebehandling.
Kvifor	Oppdatering av tekst

Noverande	§ 9 Endring og oppseiing av plass Barn som er tildelt plass i kommunal barnehage beheld til vanleg plassen til 15.august det året barnet tek til på skulen. Dersom familien flyttar ut frå kommunen, beheld barnet plassen ut det aktuelle barnehageåret. Reglane for oppseiing gjeld frå foreldre / føresette har tatt imot plassen. Oppseiing av barnehageplass skal vera skriftleg med 3 månaders varsel, og dette gjeld for oppseiing av både heil plass og oppseiing av delar av plass. I særskilde høve (t.d. ved sjukdom eller ikkje planlagt flytting) kan styrar fastsetje kortare oppseiingstid. Oppseiinga blir rekna frå den 1. i påfølgjande månad. Oppseiinga sendast elektronisk frå søknadsenteret til kommunen.
Ny	9. Oppseiing Oppseiingstida er tre månadar og vert rekna frå den 1. i kvar månad. Det må betalast for plassen i oppseiingstida. Barn som sluttar 1.august, må avvikle ferie innan denne månaden.
Kvifor	Forenkla tekst, me beheld 3 mnd oppseiingstid.

Noverande	8 Foreldrebetaling Kommunestyret gjer vedtak om betalingssatsar for opphald i dei kommunale barnehagane. Matpengar kjem i tillegg til prisen for opphaldet. Føresette betalar for barnehagetilbodet i 11 månader. Juli er betalingsfri månad. Økonomiavdelinga sender ut kvar månad, etterskotsvis, krav om betaling. Manglande betaling kan føra til at barnet mister plassen. Gjeldande betalingssatsar er å finna i kommunen sitt taksthefte for tenester.
Ny	10. Foreldrebetaling Kommunestyret fastset betalingssatsane for opphald i dei kommunale barnehagane. Utgifter til mat kjem i tillegg til opphaldsbetalinga. Føresette betalar for barnehagetilbodet i 11 månader per år, medan juli er betalingsfri månad. Økonomiavdelinga sender kvar månad ut faktura etterskotsvis. Dersom betaling ikkje vert gjort innan fastsett frist, kan barnet miste barnehageplassen. Gjeldande betalingssatsar finn du i kommunen sitt taksthefte for tenester.
Kvifor	Endra formulering

Noverande	§ 11 Fritak frå foreldrebetaling, redusert foreldrebetaling og fråvær Det er høve til å søkja om fritak frå foreldrebetaling av økonomiske grunnar eller av grunnar knytte til t.d. funksjonshemming. Betalingsfritak skal knytast til vedtak frå den instansen som skal finansiera plassen. Det blir ikkje gitt reduksjon i betalinga om eit barn er borte frå barnehagen. Ved samanhengande fråver utover 2 veker på grunn av sjukdom, attestert av lege, blir det likevel refundert 50%.
Ny	11. Fritak frå foreldrebetaling, redusert foreldrebetaling og fråvær Det er høve til å søkja om fritak frå foreldrebetaling av økonomiske grunnar. Det blir ikkje gitt reduksjon i betalinga om eit barn er borte frå barnehagen. Barn som på grunn av sjukehusopphald eller alvorleg sjukdom er borte frå barnehagen i ein lengre periode, kan søkje einingsleiar om permisjon eller betalingsfritak for den perioden barnet er fråverande. Søknaden må dokumenterast med legeerklæring.
Kvifor	Noko endring i tekst.

Noverande	§ 12 Barnehageåret, opningstid og opphaldstid Barnehageåret startar 15.august og sluttar 14.august neste år. Hovudregel for opningstid er måndag – fredag kl 06.45 – 16.30. Unntak: Dersom det ved opptak til nytt barnehageår viser seg at det er for få plassar nokre av dagane til at opptaksnemnda vurderer det som optimalt for ei tilfredsstillande drift av barnehagen, kan tilbodet som går ut til foreldra bli redusert til færre dagar i veka og / eller kortare opningstid i barnehagen. Opphaldstida for kvart barn bør ikkje vera over 9 timar per dag / 45 timar per veke. Barnehagane er stengde på lovfesta offentlege heilagdagar og fridagar samt jule- og nyttårsaftan. Onsdag før Skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00. I løpet av barnehageåret held barnehagane stengt fem planleggingsdagar. Desse blir kvart år fastsette i barnehageruta. Kommunen kan stengje barnehagar om sommaren, i enkelte veker, når talet på barn som nyttar barnehagen er lågt. Det vil bli gitt eit kommunalt barnehagetilbod som foreldre, etter søknad, kan nytta for sine barn i desse vekene. Når barn er sjuke eller har fri, skal foreldre / føresette gi melding til barnehagen om det så tidleg på dagen som mogleg. Det er høve til å kjøpa ekstra dagar ved ledig kapasitet i barnehagen.
Ny	12. Barnehageåret, opningstid og opphaldstid Barnehageåret varer frå 15. august til 14. august året etter. Barnehagane har normalt ope måndag–fredag kl. 06.45–16.30. Den enkelte barnehagen kan, etter dialog med foreldra, fastsetje redusert opningstid i periodar med lågt behov (t.d. i juli og desember). Eventuelle endringar skal vere tilpassa behovet til familiane og avklarast i samråd med foreldra. Barnehagane er stengde to veker kvar sommar, i veke 29 og 30, på lovfeste heilag- og fridagar, jule- og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl. 12.00. Barnehagane har fem planleggingsdagar i året. Desse er fastsette i barnehageruta.

	Foreldre skal gi melding så tidleg som mogleg dersom barnet er sjukt eller har fri. Det kan kjøpast ekstradagar ved ledig kapasitet.
Kvifor	Avklare feriestengt, på lik linje som t.d. FUS Ølensjøen. Barnehagen held stengt i to veker om sommaren for å leggje til rette for ferieavvikling blant dei tilsette og for å sikre ei forsvarleg drift. Ei samla stengingsperiode reduserer behovet for vikarar og samanslåing av avdelingar, og bidreg til at barna i størst mogleg grad får eit tilbod med kjende tilsette og kjende omgjevnader. Dette er til beste for både barna, dei føresette og barnehagen si drift

Noverande	§ 13 Ferie Barn skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret, herav minimum 3 veker samanhengande sommarferie i perioden 15.juni – 15.august. Styrar kan gjera unntak i særlege høve. Foreldre / føresette skal gi melding om kva tid barnet skal ha sommarferie innan 1.mai. Den siste ferieveka kan takast når som helst i barnehageåret, og den kan etter ønskje delast opp. Barnehagen skal likevel ha melding om når barnet skal ha evt feriedag seinast 2 veker på førehand.
Ny	13. Ferie Alle barn skal ha fem veker ferie i løpet av barnehageåret, der minst tre veker skal takast ut som samanhengande ferie i perioden 15.juni – 15.august. Dette gjeld òg for barn som byrjar på skulen. Foreldre skal gi melding om kva tid barnet skal ha sommarferie innan 15.april. Barnehagen er stengt 5 planleggingsdagar i året, desse dagane blir rekna som den 5.veka med ferie. Dei resterande 5 feriedagane kan delast opp, barnehagen skal likevel ha melding om når barnet skal ha feriedag seinast to veker på førehand. Dette er nødvendig for å kunne tilpasse bemanninga til behovet.
Kvifor	Dato for å melde inn ferie er flytta frå 1.mai til 15.april, grunna tid til ferieplanlegging ift bemanning. 4 veker ferie er satt opp til 5 veker, då er 5 planleggingsdagar inkludert. Dvs at barna må ha 3 samanhengande ferieveker, 1 veke med planleggingsdagar, og ei veke/5 dagar ein kan dele opp.

Noverande	§ 14 Mat og klede <i>Barnehagen skal ha fokus på eit sunt kosthald og skal leggja grunnlaget for gode kostvanar. Det blir servert 2 måltid i barnehagen. Ved behov kan barna ha med matpakke i tillegg. Matpakken skal bestå av sunn mat. Kaker og snop må ikkje takast med. Drikke og frukt blir òg servert i barnehagen. Foreldra dekkjer dette gjennom matpengane. Alt tøy skal merkast med namn. Barna skal ha med seg innesko, nødvendig klesbyte og regntøy. Barna må vera kledde slik at dei kan ta del i aktivitetane i barnehagen, både inne og ute.</i>
Ny	Fjerne dette punktet frå vedtektene.

Kvifor	<i>Dette blir informert om i rutinane til kvar enkelt barnehage, og treng ikkje stå i vedtektene.</i>
--------	---

Noverande	§ 15 Helsemessige høve Når eit barn startar i barnehagen, skal det leggjast fram skriftleg erklæring om barnet si helse (Jfr. Barnehagelova §23). Dersom barn har møtt til dei ordinære undersøkingane på helsestasjon, kan slik erklæring bli gitt av føresette. Dersom barnet er sjukt, skal barnehagen ha melding om dette så tidleg på dagen som mogleg. Eit barn er sjukt når allmenntilstanden tilseier at det ikkje kan vera med på vanlege aktivitetar og / eller er smittefarleg. Barnet må vera friskt nok til å kunna vera ute. Personalet kan kontakta foreldre / føresette og be om at sjuke barn blir henta.
Ny	14. Helse Før eit barn byrjar i barnehagen, skal det leggjast fram ei erklæring om helsa til barnet, slik at barnehagen kan leggje forholda til rette for barnet. Dersom barnet har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjonen, kan slik erklæring givast av foreldra. Personalet i barnehagen har plikt til å gjennomføre tuberkulosekontroll i samsvar med gjeldande regelverk, jf. barnehagelova § 50.
Kvifor	Endre til rett paragraf, noko endring i tekst.

Noverande	§ 16 Bemanning Kvar barnehage skal ha ein styrar som har den daglege leiinga av verksemda. Styraren skal ha utdanning som barnehagelærer eller annan barnefagleg eller pedagogisk høgskuleutdanning. Når barnehage og skule er organsiert som ei eining, kan rektor vera styrar for barnehagen. Personalet tilsett i tråd med Barnehagelova §§17, 18 og 19.
Ny	15. Bemanning Barnehagen skal til ei kvar tid oppfylle gjeldande krav i barnehagelova og forskrift om pedagogisk bemanning og grunnbemanning. Barnehagen arbeider for å sikre stabil og kompetent bemanning til beste for barna.
Kvifor	Det er ikkje eit lovkrav å ha eit eige punkt om bemanning i barnehagevedtekter, ønsker likevel å ha det med.

Noverande	§ 17 Forsikring /ansvar · Barna er ulukkesforsikra gjennom kommunen sine ordningar i den tida dei er i barnehagen. · Personalet i barnehagen deltar på førstehjelpskurs annakvart år, samt på kurs i legemiddelhandtering i barnehagar annakvart år. · Barnehagen må ha beskjed dersom andre enn foreldre / føresette skal henta barnet. · Personalet har ansvar for barna i barnehagen si opningstid. · Bringing og henting er foreldre / føresette sitt ansvar. · Barnehagen har ikkje ansvar for klede eller andre eigendelar som barnet har med seg.
-----------	---

	· Tilsette i barnehagen kan ikkje ta barna med som passasjer i eigen bil eller offentleg transportmiddel utan skriftleg samtykke frå foreldre / føresette. · Barn som blir tatt med i privatbil og offentlege transportmiddel skal vere sikra i samsvar med vegtrafikklova. · Barnet kan ikkje vera med i symjehall, delta på badeturar eller vera med i båt eller kano utan skriftleg samtykke frå foreldre / føresette.
Ny	16. Forsikring Kommunen teiknar ulykkesforsikring for barn med barnehageplass i kommunale barnehagar. Forsikringa gjeld medan barnet oppheld seg i barnehagen. Forsikringa omfattar berre personskadar, ikkje skade på personlege eigedelar som til dømes klede, vogn eller leiker.
Kvifor	Kortare tekst. Samtykker blir gitt av foreldre i Visma Flyt Barnehage.

Noverande	§ 18 Leike- og opphaldsareal Kommunen følgjer rettleiande norm for leike- og opphaldsareal inne: 4 m2 netto for barn over 3 år og 5,3 m2 netto for barn under 3 år.
Ny	17. Leike- og opphaldsareal Barnehagen skal ha lokale og uteområde som er eigna for barnehagedrift og som gir barna høve til leik, aktivitet, læring og trivsel. Leike- og opphaldsarealet skal vere tilpassa talet på barn, alderen deira og opphaldstida i barnehagen. Kommunen fastset barnehagen sitt godkjende leike- og opphaldsareal.
Kvifor	Endra tekst.

Noverande	§ 19 Personvern i barnehagen • Personalet i barnehagen har teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§13-13f. • Barnehagen skal opptre restriktivt i høve til å dela ut opplysningar om barna i barnehagen til andre enn barnet sine foreldre / føresette. Foreldre / føresette til barn i same barnehageavdeling har likevel rett til å få utlevert liste over alle barna i avdelinga. Slike lister kan innehalde barna og dei føresette sine namn, adresse og telefonnummer. • Dersom barnehagen brukar bilete av barna til offentleg publisasjon (t.d. internett, brosjyrar), skal barnehagen på førehand innhenta skriftleg tillating frå foreldre / føresette. Slik tillating skal også innhentast i høve til intervju/ fotografering frå pressa. • Barnehagen må òg ha skriftleg samtykke frå foreldre / dersom det blir tatt videoopptak av barnet. Filming som blir brukt til rettleiing, krev at det blir gitt særskilt løyve. • Det blir elles vist til Datatilsynet sine retningslinjer for personvern i barnehagen. Desse skal leggjast til grunn for praksis.
Ny	18. Personvern Barnehagen innhentar samtykke til nødvendig behandling av personopplysningar om barnet og føresette for å kunne tilby og administrere barnehagetenesta på ein god måte. Samtykket gjeld så lenge barnet har barnehageplass, men kan når som helst trekkjast tilbake. Vindafjord kommune er behandlingsansvarleg, og opplysningane blir arkiverte i kommunen sitt arkivsystem i tråd med gjeldande regelverk.

	Samtykke som ikkje omfattar sensitive personopplysningar, blir gitt gjennom Visma Flyt Barnehage.
Kvifor	Oppdatert tekst, korta ned.

Noverande	§ 20 Godkjenning / tilsyn / internkontroll • Kommunen skal godkjenna alle barnehagar i kommunen (Barnehagelova §10). • Kommunen skal føra tilsyn med barnehagane i kommunen (Barnehagelova §16). Kommunestyret er tillagt godkjenningsmynde etter "Forskrift for miljøretta helsevern for barnehagar og skular". Alle barnehagane skal følgja Vindafjord kommune sitt intern-kontrollsystem som dokumenterer at helse, miljø og sikkerheit er ivare tatt på dei områda internkontrollforskriftene er gjort gjeldande.
Ny	19. Internkontroll Som barnehageeigar har kommunen internkontroll for å sikre at krava i barnehagelova med forskrifter blir følgde. Barnehagane følgjer regelverket for internkontroll og har eit internkontrollsystem som er tilpassa storleiken og eigenarten til barnehagen, jf. barnehagelova § 9.
Kvifor	Oppdatert tekst, korta ned.

Nytt punkt:	20. Barnehagen sine plikter Teieplikt: Personalet i barnehagen er underlagt teieplikt etter reglane i forvaltningslova §§ 13 til 13 g, jf. barnehagelova § 44. Opplysningsplikt: Utan hinder av teieplikta har personalet opplysningsplikt til sosialtenesta, den kommunale helse- og omsorgstenesta og barnevernstenesta, jf. barnehagelova §§ 45 og 46.
-------------	---

Noverande	§ 21 Endring av vedtekter Vedtektene vedtatt i kommunestyret 24.09.19, sak 048/19. Vedtektene kan endrast av kommunestyret.
Ny	21. Endring av vedtekter Vedtektene blir vedtatt i kommunestyret. Vedtektene kan endrast av kommunestyret. Gjeld frå 01.01.2027. Frist for å senda innspel er 16. oktober 2026.